



## Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet

Til:  
Kommunar med areal i Hardangervidda-området

Rødberg, 10.mars 2020

### **Vanskeleg vinter for reinsdyra – Vis hensyn**

Villreinnemnda er kjend med at det er vanskelege beiteforhold for villreinen på Hardangervidda (og tilstøytande områder) i vinter. Fylkesmannen i Oslo og Viken har nyleg helde eit møte på Lampeland der representantar frå SNO, turistforeiningane, hyttevertar, tilsynsutval, Tinn, Hol og Nore og Uvdal kommunar og villreinnemnda deltok. Målet med møte var å få ei oppdatering på status for beitesituasjon i fjellet og samtidig drøfte nødvendige tiltak for å gje dyra tilstrekkeleg fred og ro.

Knut Nylend frå SNO gjorde greie for beitesituasjonen på vidda. Det er vanskelege forhold i vest med mykje snø og til dels nedisa rabbar. Dei varme dagane rundt årsskiftet førde til at snøen tina og fraus til islag, som gjer det vanskeleg for reinen å nå ned til laven. Austpå er forholda ikkje like därlege, men nettopp difor er det viktig at dyra får mest mogeleg ro der dei er.

Nore og Uvdal kommune gjorde eit vedtak i februar der dei utsette tidspunktet for når turistforeiningane kan kviste 4 skiløyper som går inn i områda der store deler av reinstamma har gått og beita no i vinter.

Villreinnemnda oppfordrar kommunane og andre aktører til å spreie bodskapen om at reinsdyra har ein vanskeleg vinter og ber alle om å ta ekstra hensyn til dyra akkurat denne vinteren.

Endre Lægreid  
*Leiar*

Egil Rønning  
*Sekretariat*

#### **Sekretariatsadresse:**

Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet

Sentrum 16, 3630 Rødberg

[egil.ronning@nore-og-uvdal.kommune.no](mailto:egil.ronning@nore-og-uvdal.kommune.no) / 31 02 46 33